

Nytt frå møte mellom samhandlingslegar og laboratoria i Helse Førde

7.12.23

Informasjon om ny struktur og nettsider

Det er oppretta ny struktur for samhandling der tidlegare PKO no har tittel samhandlingslegar. Ansvar er presisert i ny avtale og det er no to stillingar som samhandlingslege for Helse Førde: Anita Søreide og Normund Svoen.

Nye analysepakkar medisinsk biokjemi


Ein del analysepakkar er oppdatert for medisinsk biokjemi i tenestekatalogen for legekontora. Nye pakkar er betre tilpassa dagens krav til utredning for tilstandar og er satt opp i tråd med Kloke val kampanjen. Analysepakkanane er eit godt verktøy for val av analysar for ulike indikasjonar. For dei som utfører nokre av analysane i pakkane internt kan ein stryke ut dei det ikkje er behov for.

Viktigheita av kliniske opplysningar sår og puss

Gode kliniske opplysningar og korrekt bestilling dannar grunnlaget for ein god diagnose frå laboratoria. Eit godt eksempel er prøve merka som overflatisk sår, men det er prøve frå eit djupare sår som er sendt inn. Det er ulike bakteriar som er aktuelle for overflatiske og djupare sår, slik at feil rekvirering vil medføre at det ikkje vert gjennomført korrekte analysar. Djupare sår treng både aerob og anaerob dyrking, det vil dei ikkje få dersom dei er merka overflatisk sår. Det same gjeld ulike prøvar som vert merka som puss. Ved feil rekvirering kan ein risikere å få feil behandling i laben.

Nytt prøvetakingsutstyr for bakteriologiske prøvar

Vår 2024 går mikrobiologisk avdeling over frå kullpenslar til e-swab for bakteriologisk dyrking. Nye penslar er betre tilpassa nye teknologi i laboratoria, har grei haldbarheit og skal vere enklare å handtere. Avdelinga kjem ut med meir informasjon i forkant av utskiftinga gjennom Lab-info på [Labanalysar i Helse Førde - Labinfo \(helse-forde.no\)](https://www.helse-forde.no/lab-analysar) For oppdatert info kan ein også melde seg på nyheitsbrev der.



Tilstades i møte: Tonje B Riste, Robin Sørland, Marianne Myklebust, Kristina Kalland, Normund Svoen, Anita Søreide